


Nye sjølvbetjeningskassar på Spar Uskedalen

17.11.2017



Slik vil dei nye kassane sjå ut.

Spar Uskedalen har stadig utvida og utvikla seg. Sjølv om butikken er aller best kjend for sin gode service, har også dette vore medverkande til at butikken heile tida er i fremste rekke av Spar-butikkane i landet. No er det klart for ei ny ombygging når butikken installerer sjølvbetjeningskassar der kundane kan scanna varene og syta for betaling sjølv.



Teikning som viser ombygginga på Spar.

Dagleg leiar ved Spar Uskedalen, Bente Nilsen, fortel at det blir fire nye sjølvbetjeningskassar. I dag har butikken tre kassar, og den eine av dei blir fjerna for å gje plass til dei nye. Dei to andre vil framleis vera i bruk på same måte som i dag i tillegg til dei nye kassane. Dermed vil talet på kassar totalt verta dobla. SPAR Uskedalen er første butikk i Kvinnherad som installerer sjølvscanningskassar.

For at det skal verta nok plass til dei nye kassane, må den eine kassen flyttast. Den kjem der som handlevognene står i dag. Sjølvbetjeningskassane vil bli ståande midt imellom kassane som fremdeles vil bli betjent av SPAR sine medarbeidere.

«Dermed treng vi ny plass til handlevognene, og det er då vi skulle hatt større areal,» seier Bente Nilsen. «Vi har tenkt på korleis vi kan løysa dette, men vi har ikkje funne andre muligheter enn å plassera dei der kaffikroken har vore til no. Vi hadde håpt at vi kunne behalda denne plassen der folk kan setja seg nedpå for ein prat, men vi må følgja med i utviklinga.»

Bente legg til at dei vil behalda varmdrikkmaskinen, men det vert ikkje lenger plass til bord og stolar.

«Med dei nye kassane kan ein del av kundane betjena seg sjølv. Dermed unngår dei kø,» seier Bente Nilsen som nok ein gong understrekar at dei må yta best mogeleg service for kundane, og derfor er det viktig å følgja med på utviklinga. Dette har ho nok heilt rett i, og det er ikkje utan grunn at denne butikken er kjend for kjapp betjening, lite kø og mange prisar for god service.

Bente håpar og har stor tru på at dette blir positivt mottatt, alle som har handla på f.eks IKEA har sett dette før. Ho understrekar at den same gode service skal ivaretakast, og alle skal få den hjelpa dei treng.

Det er ein del omplassering/flytting som skal til og Bente fortel at arbeidet startar seinast 25.nov og kassane vil vera klare til bruk 7. desember.

Fakta: sjølvscanningskassar der kunden scanner varene sjølv og betalar med betalingskort, det er ikkje muleg med kontantar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Illustrasjonsfoto